



## Referat

### Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	8. mars 2022 kl. 10:00 – 13:00
Møtestad:	Voss sjukehus 1.etg
Møteleiar:	Åslaug Bøhn Botnen (utvalsleiar)
Til stades:	Stein Johnny Heggestad (brukarrep.), Olav Lødemel (Voss sjukehus), Grete Lill Hjartnes (HUS), Solrun Hauglum (Vaksdal), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord), Kjersti Nordanger (Voss), Åslaug Bøhn Botnen (Kvam), Åshild Sønsteby (Ulvik), Ida C. Eide Aabrek (brukarrep.), Britt Heidi Tefre (NSF), Madeleine B. Skjelde (Voss sjukehus), Anne Kvalheim (SSE)
Fråfall:	Ragnhild Rykkje (fagforbundet), Randi-Luise Møgster (HUS) Frédéric E. Larsen (Voss DPS NKS Bjørkeli),
Referent:	Reidun Braut Kjosås (SSE)

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
01/22	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>  Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.	
02/22	<b>Formell godkjenning av referat frå møtet i Samarbeidsrådet 16. september 2021</b>  Referat frå møte-4 2021 i Samarbeidsrådet 9. desember vart godkjent utan merknader.	
03/22	<b>Referat frå Medisinsk fagleg utval</b> Det var ingen merknader til referatet frå møte 24.01.22	O
04/22	<b>Covid-19 – orientering frå koordineringsgruppa og presentasjon av evaluering</b> Kjersti Nordanger orienterte om status frå koordineringsgruppa: <ul style="list-style-type: none"><li>• Velfungerande gruppe</li><li>• God leiing av Helse Bergen</li><li>• Møter kvar veke. Dette har vore nyttig men er og tidkrevjande. Viktig å ta diskusjonen om det og framover skal vera møter kvar veke.</li><li>• Læringspunkt: knytt til representasjon i regionen. Heile regionen føler seg ivareteke.</li></ul> Innspel i møtet: Nyttig fora kor ein kan drøfta tema som til dømes PCR-test for reising. Det er rom for	O

	ueinigkeit og diskusjon om det er noko som skal prioriterast.	
05/22	<p><b>Referat frå møte i underutvala</b>          Generell tilbakemelding frå utvalet om at det er både kjekt og nyttig å lesa referata frå underutvala.</p> <p>Barn og unge - møte 02.12.21.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er sett ny dato for innspellskonferanse for Barn og unge. Flytta frå 13.desember til 9 mai (meir informasjon om dette i vedlegget til sak 19/22). Alle tenester for barn og unge i Voss herad er flytta til «Knutepunktet»</li> </ul> <p>UFAB – møte 07.12.21</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Olav (Voss sjukehus) viser til omorganisering i blant anna Kirurgisk Serviceklinik (KSK) i Helse Bergen. Stiller og spørsmål om det bør drøftast om ein treng både lokale UFAB og felles UFAB.          Åslaug (Kvam): Når helsefellesskapet er vedteke kan områdeutvalet gjera endringar i lokale underutval (oppretta eller legga ned).          Grete Lill (HUS): Det vil sannsynlegvis vera ulike behov i ulike regionar. Inntil vidare får me avverna diskusjon i ny struktur.</li> </ul> <p>Rehabilitering – møte 26.01.22</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingen merknader.</li> <li>• Ny lokalsjukehuskonferanse til neste år. Det er ikkje kapasitet til å gjennomføra dette i år. I tillegg ville det vore begrensa deltaking (høgt fråvær både i kommunane og sjukehuset). Semje om at det er viktig å få konferansen tilbake neste år.</li> </ul> <p>Pleie og omsorg møte 30.11.21</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fint om overskrifta på referata viser til namnet på underutvalet (PLO) i tittelen</li> <li>• Inn og utskriving og fokus i HB. Utfordringar knytt til funksjonsbeskriving synes å gå igjen. HB viser og til kartlegging gjennomført av VG. Voss kjem godt ut ifht tala for utskrivingsklare. Det vert vist til Vaksdal for kva ein kan ein læra av det dei har gjort</li> <li>• Referatet frå 08.02.22: <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sak 2/22: Det står at Voss herad er usikker på å delta i prosjektet. Kjersti (Voss) melder at Voss herad ikkje har kapasitet til å delta i ernæringsprosjektet.</li> <li>○ Vaksdal: To rom må tömmast grunna samanslåing av bygg.</li> <li>○ Voss sjukehus: hospitering i gang igjen i juni.</li> </ul> </li> </ul> <p>Underutvalet melder inn sak om hospitering til juni-møtet.</p> <p>Psykisk helse og rus – møte 16.12.21</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingen merknader.</li> </ul>	O
06/22	<p><b>Årsmelding 2021, rekneskap 2021 og budsjett 2022</b>          Åslaug presenterte årsmelding, budsjett 2021 og forslag til budsjett for 2022. Små endringar (gjentakingar og skrivefeil vert retta opp i årsmeldinga). Oppdatert årsmelding ligg ved.</p> <p>Pr. des. 2021 har Samarbeidsrådet kr. 715 955,- på konto. Pandemisituasjonen har ført til mindre aktivitet. Samarbeidsrådet har mykje pengar på konto. På bakgrunn av dette kom innspel om å vurdera å droppa eller redusera innbetalinga/kontingensten for 2022.</p>	V

	<p><b>Vedtak</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeidsrådet vedtek vedlagt årsmelding og rekneskap for 2021.</li> <li>• Samarbeidsrådet vedtek vedlagt budsjett, men ber om at innbetaling av kontingent for 2022 vert teke ut av budsjettet.</li> <li>• For å få opp aktivitet igjen etter pandemien oppmodar samarbeidsrådet om å etterspør samhandlingsinitiativ i lokalsjukehusområdet.</li> </ul>	
07/22	<p><b>Val av leiar og nestleiar til Samarbeidsrådet for 2022 – 2024</b></p> <p>Åslaug har vore leiar for Samarbeidsrådet i fleire år og har med bakgrunn i dette bedt om avløysing.</p> <p>Kjersti Nordanger vert føreslått som ny leiar av Samarbeidsrådet. Åshild Sønsteby held fram som nestleiar.</p> <p>Åslaug fortset i SR som repr. for Kvam herad.</p> <p>Åslaug viser og til at hun deltek i Fag og tenestegruppa i USHT og spør om og Kjersti vil gå inn der. Det bekreftar Kjersti at ho kan.</p> <p>Samarbeidsrådet takkar Åslaug for god innsats.</p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Eit einstemmig Samarbeidsråd har valt Kjersti Nordanger som leiar og Åshild Sønsteby som nestleiar for Samarbeidsrådet. Som leiar av SR går Kjersti og inn i gruppa Fag og tenesteutvikling i USHT.</p>	V
08/22	<p><b>Handlingsplan 2022</b></p> <p>SSe orienterte om saka.</p> <p>Pkt. 2.3. Om digitalisering. Skulle vore eiga sak om dette i møtet, men saka vert utsett til neste møte.</p> <p>Grete Lill (HUS) visar til digital konferanse som skal være i Bergen 1-2 juni (sjå vedlegg sak 19/22).</p> <p>Dato for konferanse kolliderer med SR Voss sitt møte 2. juni.</p> <p>Reidun og Kjersti vurderer om SR-møtet må flyttast.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til Handlingsplan for 2022. Samarbeidsutvalet ber SSE saman med aktuelle parter om å sørja for oppfølging av handlingsplanen.</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde tek status for handlingsplanen 2022 til orientering.</p>	O/V
09/22	<p><b>Revidert Tenesteavtale 10 om førebygging</b></p> <p>Orientering om revisjonsarbeidet ved Geir Lien, spesialrådgjevar Helse Bergen (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til forslag til revidert avtale og tilrår at avtalen vert sendt til signering hos partane.</p>	V
10/22	<p><b>Etablering av Helsefellesskap</b></p> <p>Åslaug Bøhn Botnen og Åshild Sønsteby orientering om status og revidert framdriftsplan</p>	O/V

	<p><b>Vedtak</b></p> <p>Samarbeidsrådet tek saka til orientering og gjev arbeidsgruppa mandat til å godkjenne endeleg avtaleutkast før det vert sendt ut til partane for handsaming.</p>	
11/22	<p><b>Innspel til ny Nasjonal helse- og sjukehusplan 2024 - 2027</b></p> <p>SSE orienterte om saka.</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde støttar innspelet til Nasjonal helse og sjukehusplan. Eit tilleggspunkt er ønskja inkludert:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• SR ønskjer inn eit punkt om desentralisering av avtalespesialisttilbodet. Det vert vist til dei to spesialistane i regionen: Hud og Auge. Begge desse skal slutte og det er særskilt utfordrande å rekruttera nye. Unge avtalespesialistar ønskjer ikkje jobba på same måte. Dei vil inngå i fellesskap og derfor enda mange opp i byen. Kommunane bør engasjere seg i saka og sjå på korleis få avtalespesialistar til regionen. Kommunane er så i gang med eit arbeid omkring dette. Helse Bergen må og sjå på moglegheita for å desentraliserte poliklinikkar. Utfordrande med manglande styrbarheit på offentleg behandling.</li> </ul> <p>Eventuelt fleire innspel til helse og sjukehusplanen kan sendast SSE.</p>	O/D
12/22	<p><b>Felles retningslinjer for samhandling om ernæringsstatus og ernæringsoppfølging</b></p> <p>Kari Sygnestveit, ernæringskoordinator i Helse Bergen Statusmelding orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon).</p> <p>SR Voss takkar for fin presentasjon av et viktig arbeid. Åslaug viser til tilsetting av Eli Skeie som prosjektleiar for «modellutvikling for klinisk ernæringsfysiolog i omsorgssektoren». Kvam og Voss herad har samen fått tilskotsmidlar til dette prosjektet.</p> <p><b>Vedtak</b></p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde takker for status på utarbeiding av retningsliner rundt kvalitetsforbetring av samhandling om ernæringsstatus i somatikken, ved inn – og utskrivning frå sjukehus og tar presentasjonen til orientering.</p>	O
13/22	<p><b>Digital samhandling</b></p> <p>Saka er utsett til neste møte.</p>	O
14/22	<p><b>Orientering om Prosjekt «Pasientens helsetjeneste i et helsefellesskap»</b></p> <p>Trude Senneseth, PhD kandidat, psykologspesialist/ Programansvarlig Samskaping i vest orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjonen).</p> <p>SR takka for ein fin orientering.</p>	O
15/22	<p><b>Utviklingsplan 2035, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus</b></p> <p>Frode Wikne, spesialkonsulent NKS Olaviken orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon).</p> <p>Åslaug takkar for en svært god presentasjon med et innhald som er gull for det kommunale øyre.</p> <p>Innspel til utviklingsplanen kan sendast til <a href="mailto:olaviken@olaviken.no">olaviken@olaviken.no</a> innan 18.mars.</p>	O

16/22	<p><b>Utviklingsplan 2022-2035 for Haraldsplass Diakonale sykehus (HDS)</b>  Rebekka Ljosland, Strategi- og samhandlingsdirektør ved Haraldsplass Diakonale sjukehus orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p>Det kom ingen innspel til planen i møtet.  Olav (Voss sjukehus) viste til godt samarbeid mellom HDS og HB, og viktigeita av å også få det samarbeidet operativt innanfor ulike fagområde.</p> <p><b>Vedtak</b>  Samarbeidsrådet tek utviklingsplanen for Haraldsplass 2022-2035 til orientering og tilbakemeldingar og innspel vert gitt skriftleg eller munnleg i SR møtet eller innan fredag 11.mars.</p>	O
17/22	<p><b>Omstrukturering av det regionale palliative tilbodet</b>  Geir Andvik Assisterende klinikkdirektør, Helse Bergen og Åse Nordstrønen Klinikkdirektør Haraldsplass Diakonale Sykehus orienterte om prosess, konsekvensar og involvering (sjå vedlagt presentasjon).</p> <p><b>Vedtak</b>  Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukhusområde tek saka til orientering.</p>	O
18/22	<p><b>ParkinsonNet</b>  Grete-Lill Hjartnes, seksjonsleiar Helse Bergen orientering om etablering av ParkinsonNet.</p> <p><b>Vedtak</b>  Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukhusområde tek saka til orientering.</p>	O
19/22	<p><b>Orientering frå partane</b></p> <p>Vaksdal</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Hektisk med omsyn til pandemien, særleg siste tida. Me har høgt sjukefråvær men håper å vera over toppen no. Me har i noko grad nytta avtalen om utvida kompensasjon.</li> </ul> <p>Voss:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Merkar godt til fastlegekrisa</li> <li>Ufordinar me bemanning av legevakt</li> <li>Høgt sjukefråvær</li> <li>Det er tilsett ny prosjektleiar for interkommunal legevakt. Prosjektrapport er venta ferdigstilt mai/juni</li> </ul> <p>Ulvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Frå pandemi til krig.</li> <li>Me er over kneik med omsyn til tal smitta og sjukefråvær</li> <li>Framover vil det vera auka behov for innsats knytt til mottak av flyktingar</li> </ul> <p>Eidfjord</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Myke det same som dei førre har sagt.</li> <li>For tida er det særleg utfordrande med legeressurs i Eidfjord</li> </ul> <p>Kvam</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Høgt sjukefråværet (overtidsavtalen har redda oss)</li> </ul>	O

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekrutteringsutfordringar           <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Ein fastlege har slutta og to skal ut i permisjon (pappa perm og fødsels perm). Me har ikkje lukkast i å rekruttera ny(e) fastlege(r)</li> </ul> </li> <li>• Stadig vanskelegare å rekruttera sjukepleiarar. Me ser og på korleis sjukepleietenesta kan organiserast betre</li> </ul> <p>Helse Bergen/Voss sjukehus:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle tilsette får no tilbod om 100 % stilling. Kor mange som vel å takka ja har ein ikkje oversikt over per no. Alle nytilsette skal og få tilbod om 100%.</li> <li>• Sjukehuset har siste tida hatt eit sjukefråvær på ca. 15 %.</li> <li>• Me har sidan jul hatt mange fleire pasientar med covid enn tidlegare i pandemien, men færre med behov for intensivbehandling.</li> <li>• HB innfører i desse dagar DIPS Arena. Dette kan føra til endringar som kommunane vil merka. DIPS arena inkluderer videoløysing i journalsystemet.</li> <li>• Konseptval Nye Voss Sjukehus skal skje før sommaren.</li> </ul> <p>Helge Bergen (HUS). Sjå vedlegg for meir informasjon om punkt under:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Endring i forfattarrolla av PLO-meldingar</li> <li>• Heroinassistert behandling</li> <li>• Innspelskonferanse Barn og unge</li> <li>• Digitale hersedagar, konferanse</li> </ul>	
20/22	<b>Eventuelt</b> Olav foreslår at Orientering frå partane blir løfta opp på sakslista til kommande møter	

Neste møte torsdag 2.juni 2022. Dette møtet vert kanskje flytta då møtet fell på same dag som konferansen om Digitale hersedagar. Nytt møtetidspunkt vert mest sannsynleg torsdag 9.juni kl. 1300.